

**OFFENTLEG MØTEBOK**

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Scandic Sunnfjord Hotel &amp; Spa, Førde</b>
<b>Møtedato</b>	<b>03.08.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 12:30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Gunhild Berge Stang, V**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Forfall til møtet:**

**Varamedlemmer til stades:**

**Til stades med møte- og talerett:** **Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:** **Svein Hågård**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sak 70 og 71 skulle handsamast for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 2, og § 31, nr. 5.

**SAK 70/16 Drøfting av Konkurransetilsynet sitt vedtak vedkommande sal av aksjer i F1 Holding**

**Vedtak:**

1. Fylkesutvalet tek Konkurransetilsynet sitt vedtak om F1 Holding AS – Torghatten ASA av 14.07.16 til vitande.
2. Fylkesutvalet påklagar ikkje Konkurransetilsynet sitt vedtak. Ein tek dessutan til vitande at heller ikkje Torghatten ASA vil påklage vedtaket. Dette vedtakspunktet er, for fylkeskommunen sin del, gjort med heimel i delegeringsreglementet kap. 1.4.3, jf. også kommunelova § 13.
3. Fylkesutvalet ser ikkje på ein ev. klage på Konkurransetilsynet sitt vedtak som ein del av fylkesrådmannen sitt oppfølgingsansvar i høve vedtaket i FT-sak 46/15.

-----

**SAK 71/16 Fylkeskommunen sin vidare eigarskap i F1 Holding AS/Fjord1 AS**  
Ikkje offentleg jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13

-----